

Volda Næringsforum
Storgata 8
6100 Volda

Volda Kommune - Forvaltningsutvalet
Stormyra 2
6100 Volda

Volda, 29.01.2019

MERKNAD TIL SAK I FORVALTNINGSUTVALET SITT MØTE 29.01.2019:
PS 11/19 REVIDERING AV SKILTPLAN FOR HEILE SENTRUM

Vi har tidlegare gjeve konkret oppsummert innspel til saka ved vårt brev av 6.12.2018.

Vårt første innspelet av 20.10.2018 var basert på det vi oppfatta som drøfta handlingsrom i Formannskapet, men etter brei prosess og god involvering av næringsdrivande i heile sentrumskjernen, synte det seg fort at omfanget av akutte strakstiltak var meir omfattande. Det er dette som er oppsummert i vårt endelege innspel datert 6.12.2018.

Med bakgrunn i den særskilde situasjonen i Volda sentrum er dette ei særskild viktig sak for næring- og samfunnsutviklinga i Volda, og i nemnde innspel til administrasjonen poengterte vi difor at VNF gjerne ville ha aktiv og tett dialog med administrasjonen ved vidare handsaming.

Vi registrer difor med undring at vi ikkje har høyrte noko meir før vi les i lokalavisa at saka er sendt ut til Forvaltningsutvalet for handsaming.

Det uroar oss og at administrasjonen ikkje ser ut til å legge vekt på det sentrale i vår merknad, nemleg at det er heilt avgjerande at ein gjennomfører ein samla revisjon der alle dei akutte tiltaka vert aktiverte i ein samla plan. Vi hadde difor venta at administrasjonen tok inn over seg dei klare signala frå politisk miljø og næringslivet.

VNF si målsetting er at Volda sentrum skal utvikle seg til ei sentrumskjerne som gjev rom for næringsliv, bustadutvikling og publikum, basert på gode nærmiljøprinsipp. I dette er neddempa fart, god tilkomst og gode fysiske gatemiljøtiltak heilt avgjerande.

Vi vil difor oppmode Forvaltningsutvalet sine medlemar om å lese vårt oppsummerte innspel datert 6.12.2018, og sende saka attende til administrasjonen for fornya handsaming, og at ein då tek utgangspunkt i det samla innhaldet i vårt innspel.

Vennleg helsing
Volda Næringsforum

Hallvard Bjørneset – *sign.*
Styreleiar

Jan Heltne – *sign.*
leiar Næringspolitisk gruppe

John Abr. Nymark – *sign.*
Leiar Handelsgruppe